

---

NKA 12/25 NKA og kyrkjebevaringsprogrammet  
Saksdokument: a NKA og kyrkjebevaringsprogrammet

---

Drøftingssak og erfaringsdeling

.

## NKA 12/25 a NKA og KYRKJEBEVARINGSPROGRAMMET

Kyrkjene i Noreg med sin 1000 år lange historie er ein sentral del av norsk kulturarv og norsk historie. Knapt noko kulturminne er spreitt så vidt utover i heile landet som kyrkjene. Gjennom historia er svært mange av dei viktigaste kulturuttrykka vakse fram i ein kyrkjeleg samanheng. Kunst og kunsthandverk i kyrkjene representerer ofte ei samansmelting av det lokale, det nasjonale og det internasjonale. Heilt frå 1100-tallet, når ei kyrkje skulle byggjast, vart dei beste byggmeistrane henta fram – frå ulike stader i Europa. Mange av dei var store kunstnarar (og teologar – i deira evne til å omsetje tru i stein eller tre). Dei beste handverkar laga lamper og dørklinker, og de beste kunstnarar laga til å lage måleri, tekstilar og skulpturar. Dei tok med seg kunnskap, idear og nye stilartar på tvers av landegrensene. I kyrkjebygga er derfor ikkje berre den lokale handverkskulturen representert. Her finnes også tydelege spor av den kontakt og utveksling mellom landa. Ulike delar av Noreg, og ulike land i Europa og verda inspirerte kvarandre og utveksla kunnskap og erfaring. Det er hentet inspirasjon fra andre landsdeler, fra resten av Europa og andre verdsdeler.

Kyrkjene er minnebøker, dei ber vitne til menneska sine liv og om trua, tradisjonane og rituala deira. Kyrkjene kan og fortelje om smak og mote i ulike tider.

Som kulturminne er kyrkjene historisk sett svært samansette. De kan være bygget i ulike epokar, eller ha deler frå ulike epokar. Interiøret, kunsten og handverket inne i kyrkjene kan og komme frå ulike epokar og være svært samansett. Kyrkjene har og endra seg i takt med samfunnet sine ønske, smak og økonomi. Innreiinga og utsmykkinga i kyrkjene har skifta; gjenstandar har blitt fjerna eller blitt erstatta av nye. Men det har og skjedd at eldre gjenstandar er komne attende til kyrkja. Mange kyrker er bygd på eldre kyrkjestadar, og den kyrkja som står no kan difor vere den siste i ei rekke av tidlegare kyrkjer. Med frå dei gamle kyrkjene har det kome eldre inventardelar. Slik er det skapt ein kontinuitet, og ofte vil det vere kyrkja som slik kan syne utviklinga og historia på staden. Kyrkja blir ei forteljing om eit lokalsamfunn.

Kulturminne er som kikkhull inn i historia – når dei vert formidla. Det ligg mykje spanande, dramatisk, sanseleg og uventa i forteljingane og formidlinga av kulturarv og kulturminne.

Den kyrkjelege materielle kulturarven rommar meir enn sjølve kyrkjebygget, til dømes kyrkjegarden, prestegarden og kyrkja sin plassering i omgivnaden. I tillegg har kyrkjene ein immateriell kulturarv: lyden frå kyrkjeklokkene, musikk, og liturgi. Kyrkjene med utsmykking og innreiing er vitne om sosialhistorie, samfunnshistorie og politikk. Den kyrkjelege kulturarven er så omfattande at den angår alle som bur i Noreg.

Viktigast av alt er kan hende at desse kyrkjene gir eit rom (bokstaveleg tala) for eksistensiell søking og for det andeleg. Det knyttar seg forteljingar, ritar og handlingar til kyrkjestadene. Det spesielle med den kyrkjelege kulturarven er nettopp det tette bandet, der rituala, forteljingar bygg og steder er ein del av dette bandet. Kyrkjestadene og kyrkjebygga forankrar dei andelige erfaringane ved gje dei struktur, kontekst og stemning, og slik gjer dei forteljingane nære, konkrete og levande. Kyrkjene er staden for det heilage, der menneske til alle tider har kome med sin sorg, si lengt og trua si. Dei er påminningar om trua som har levd på staden i generasjonar. Kyrkjebygga er møtestad mellom Gud og menneske.

## Kyrkjebevaringsprogrammet

Kyrkjebevaringsprogrammet er ei satsing for å ta vare på dei kulturhistorisk viktige kyrkjene i Noreg. Programmet vart lansert i 2022 og er eit offensivt prosjekt for å ivareta istandsetting av verneverdige kyrkjebygg og medverke til formidling av mellom anna deira historie og arkitektur.

Bakgrunnen for at programmet vart oppretta, er avviklinga av statskyrkja og dermed og Opplysningsvesenets fond (OVF). Stortinget har satt som premiss for delinga av verdiane i OVF mellom staten og Den norske kyrkja, at staten skal auke innsatsen for å ta vare på dei kulturhistorisk verdifulle kyrkjene i eit omfang som svarer til verdien i det som er att av fondet som staten blir eigar av.

Regjeringa har sett av 10 milliardar kroner til ei tilskotsordning for kyrkjene, og etter planen skal kyrkjene få årlege midlar på inntil 500 millionar etter ei gradvis opptrapping. Opptrappinga skal sikre at det er nok kapasitet og kompetanse i marknaden for å gjennomføre planlagde prosjekt.

I revidert nasjonalbudsjett for 2024 vart det sett av 100 millionar til fondet, medan regjeringa har føreslått 300 millionar for 2025.

Det er Barne- og familiedepartementet som er ansvarleg for kyrkjebevaringsfondet og bevaringsstrategien for kulturhistorisk viktige kyrkjer.

Departementet har utpekt eit programstyre som har ansvaret for forvaltninga av kyrkjebevaringsfondet. Den norske kirke leiar programstyret, medan Riksantikvaren og Hovudorganisasjonen KA har representantar i styret.

Det er etablert eit programsekretariat, som held til i Trondheim.

Det vert utarbeidd tre program som er inndelt etter alder på kyrkjene: Eitt for mellomalderkyrkjene, eitt for kyrker frå 1537–1850 og eitt for kyrker etter 1850. Til kvart av programma vil det følgje fire innsatsområde:

1. Bevaring (istandsetting, sikring og konservering)
2. Kunnskap og kompetanse
3. Oppleving og formidling
4. Engasjement og deltaking

Det har til no vore to utlysingar, begge desse har vore knytt til dei to første innsatsområda. Det er venta ein stor utlysing til hausten, der det og vil vere rom for søknadar til område 3 og 4.

## Kva skjer i NKA

For NKA er det særleg interessant å lage prosjekt nytta til innsatsområda 3 (Oppleving og formidling) og 4 (Engasjement og deltaking). Punkt 2 (kunnskap og kompetanse) har til no handla om byggherrekompetanse, og utvikling av kunnskapen hos handverkarane. Men det er mogeleg at det vil være rom for å tenkje større om dette punktet i framtidige søknader.

For NKA er det naturleg å engasjere seg i formidling av kyrkjene. Dette gjer høve til å formidle kvifor vi skal ta vare på kyrkjene, kvifor kyrkjene er så sentrale kulturminne og kor mykje dei betyr – ikkje minst på det eksistensielle planen – for menneske i dag.

I norsk kulturhistorie er det mange døme på samanheng mellom kristen kultur og samfunnsutvikling. Med kristendomen kom ein ny forståing og organisering av samfunnet. Dette syner og samanhengen mellom arbeid med formidling av kyrkjebygga og Nasjonaljubileet 2030. Noreg vart ein del av ein europeisk tradisjon, ikkje minst med omsyn til lovgjevinga. Dette har vore særleg framheva under markeringa i 2024 av Kristenretten på Moster i 1024 og av Magnus Lagabøte sin landslov frå 1274. Sjølv om kyrkjebevaringsprogrammet er knytt til Den norske kyrkja sine kyrkjebygg, ønskjer NKA å medverke til økumeniske perspektiv. For det første var mellomalderkyrkjene jo katolske fram til reformasjonen. Det er dessutan ikkje berre Den norske kyrkja som har kyrker frå tida rett etter 1850. Å vitje kyrkjer frå ulike kyrkjesamfunn kan dessutan bli knytt til framveksten av demokrati. Det vil

være spennande å lage ein økumenisk kyrkjesafari, der ein kan kome inn i religiøse bygg man elles ikkje kjem inn i.

Generalsekretæren har satt i gang med å førebu søknad frå Norske kyrkjeakademi. Det vil truleg vere snakk om to søknadar.

Den første vil skje i samarbeid med IKO – Institutt for kyrkje og oppvekst, og vere retta mot eit kyrkjeskuleprosjekt. Her vil det bli utvikla opplegg for formidling av ei eller fleire kyrkjer i lokalsamfunnet. Utviklinga av opplegget vil skje i samarbeid med kyrkjeleg tilsette i Enebakk/Nordre Follo, Karmøy, Asker, Øvre Eiker, Moster, Stavanger og truleg Stiklestad/ Verdal. Arbeidet med ein slik søknad er starta, og vil mellom anna byggje på opplegg som vart utarbeidd av generalsekretæren då ho som tilsett i IKO lage ein serie bøker om samarbeidet mellom kyrkje og skule.

Den andre søknaden er meir generelt og gjeld utviklinga av formidling for alle grupper. I dag er ofte mellomalderkyrkjene stengde store delar av året. Det er ikkje alltid lagt til rette for at pilegrimar, turistar og andre på vitjing kan få kome inn i kyrkja, lære om ho eller sitje ned med bøn, song og lystenning. Det er trong for opplegg for formidling av kyrkjene – historie, interiør, kunst, kyrkjegard. Desse opplegga bør og ha eit innhald som vektlegg eksistensielle og andeleg spørsmål.

Kan kyrkjeakademirørsla medverke til å opne kyrkjene, i samspel med det lokale soknet? Kan vi lage eit opplegg for å lære om korleis vi kan guide i kirken, både med tanke på bygg, interiør og kyrkjegard? Kan vi lage opplegg som er koplå på arbeidet med pilegrim, ikkje minst kystpilegrimsleia? Fleire akademi har vore inne på denne tanken.

Nokre akademi har vore med på å utvikle opplegg der bruken av kyrkja gjennom hundrevis av år vert vektlagt. Ikkje minst gjeld dette tilbod med tidebøner, der ein kan få vere med på bøn, om lag slik dei har var framført i åra etter at mellomalderkyrkja vart bygd.

Det vil og kunne bli utvikla opplegg for konfirmantar og andre grupper i kyrkja.

Nokre akademi ønsker eit samarbeid med NKA sentralt, om konferansar eller liknande med innhald knytt til kyrkja si historie og bruk. NKA har i dag eit samarbeide med Søsterkyrkjene på Granavollen, mellom anna om Olavsseminaret og årsmøtet.

Stavanger domkyrkje er 900 år. I høve jubileet er det laga ein dokumentarfilm om domkyrkja og byen sin historie. Frå steinveggene i katedralen kunne ein sjå Stavanger vokse fram, og være vitne til historiske hendingar som var med på å forme byen, og sjå menneska som har levd gjennom ulike tider. Denne filmen, *Byen og katedralen*, vil bli framsynt på årsmøtet i 2026, og dei akademien som ønskjer å sette filmen på programmet sitt, vil få tilbod om det.

Rennesøy og Finnøy kyrkjeakademi samarbeider med Utstein kloster, og har kome med framlegg om involvering av NKA sentralt i dette. Under ligg det eit samandrag av eit notat frå ei tenkjegruppe

*Eit døme: Rennesøy og Finnøy kyrkjeakademi/Utstein kloster*

*Innspel frå Tenkjegruppa, ved Arild Vøllestad*

Utstein kloster er det einaste klosteranlegget frå Mellomalderen som er nokon lunde tatt vare på. Mykje av tankane under kan ha overføringsverdi til andre mellomalderkyrkjer.

Utstein kloster i dag drive av Musea i Stavanger (MUST). Det er ope for turistar, særleg om sommaren. Det er gudsteneste kvar månad, det skjer konsertar, seminar og nokre kyrkjelege handlingar her, men for kyrkjeakademirørsla er det naturleg å spørje om denne unike staden kan nyttas meir – i tråd med eigenarten sin.?

Frå medio juni til medio august har Utstein Pilegrimsgard, som ligger omtrent ein km unna, ansvar for en «pilegrimsbøn» kvar dag kl 13.– Pilegrimsgarden rekrutterer frivillige til dette. Målgruppa er turistar, samarbeidet med MUST er godt, og det kjem mange menneske på dei enkle pilegrimsbønene. Utstein pilegrimsgard nyttar i nokon grad i klosterkyrkja når dei har retreat. Rennesøy og Finnøy kyrkjeforum arrangerer kveldsbøn (vesper) i gregoriansk stil i klosterkyrkja omtrent åtte søndagar i året, med påfølgande kaffi og foredrag på Pilegrimsgarden. MUST, VID Stavanger, Katolsk Forum og Utstein Pilegrimsgard står bak det årlege opne Mellomalderseminaret. Døme på tema er: «Augustinarane på Utstein – eit klostersonnemfunn med inspirasjon frå Europa», «Lovgjevinga i mellomalderen», «Kyrkjekunsten sine gåter og symbolikk» Desse seminara startar alltid med tidebøn.

På kva måte kan Norske kyrkjeakademi gå inn og «løfte» arbeidet? Utgangspunktet er NKA sin strategiplan, mellom anna punkta *Styrke formidling, kunnskap og bevisstheit om kyrkjebygga* og *Auke formidling, kunnskap og medvit om kyrkjebygga*.

Tenkjegruppa ser for seg ulike arrangement, som tematisk kan bli dreidd i ulike retningar. Det kan og ses i relasjon til Nasjonaljubileet i 2030. Arrangementa vil ha deltakarar frå heile landet, ikkje berre Rogaland.

Tenkjegruppa ser for seg til dømes:

1) arrangement som aukar medvitet om bruken av mellomalderkyrkjene. At dei er upraktiske til kyrkjekaffi og powerpoint er allment kjent, og vidare at de er populære bryllaupskyrkjer. Men den kyrkjelege refleksjon bør ikkje stoppe der! Vi må også spørje om dei har ein andelig utstråling som treffer menneske i vår tid, som det lokale soknet bør være meir medvitne om?

Målgrupper for slike arrangement kan være kyrkjeleg tilsette og frivillige, men og omvisarar, folk frå historielag og andre interesserte.

2) arrangement som tar opp grunnlagsspørsmål i samtida, tema som gjerne druknar i vårt hastige mediesamfunn, men der ei kyrkje eller eit klosteret kan være ein inspirerande ramme for å tenkje lange tankar.

NKA er inne i bildet gjennom dei lokale akademier Katolsk Forum og Rennesøy og Finnøy kyrkjeforum. Men disse blir for små til å løfte desse ideane opp på det nivå som det fortener. NKA sentralt må følgeleg ha eit vesentleg ansvar både når det gjeld økonomi, innhald og administrasjon. Men vi lokalt bidrar gjerne med innspel til program, og som «praktisk bakkemannskap».

Enestående mulighet til å samarbeide med andre aktører som fylkeskommuner (kulturavdelinger). Museene.

Kunst og musikk i middelalderkirkene

Moderne kunst i kirkebygget